



Hordaland Fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Eikelandsosen 27. januar 2015

**Fyllingsnes Fisk AS, org nr 930 387 215 og Eide Fjordbruk AS org.nr. 866 751 242
- Søknad om endring av anleggskonfigurasjon ved lokalitet 26295 Langøy i Lindås
kommune.**

Fyllingsnes Fisk AS og Eide Fjordbruk AS (Eide) søker med dette om endra anleggs-
konfigurasjon ved lokalitet 26295 Langøy i Lindås kommune. Det omsøkte nye plastring-
anlegget vil bestå av fem stk 160 - 200 m ringar lagt ut i rammefortøyning med storleik 550 x
110 m (5 stk rammer/bur å 110 x 110 m).

Det blir ikkje søkt om utviding av maksimalt tillatt biomasse (MTB).

Under uværet «Nina» oppstod eit delvis anleggshavari på vårt eksisterande anlegg på
lokaliteten Ospeneset i same fjord (nabolokaliteten). I samband med denne hendinga så
ynskjer ein å legge ut nytt anlegg på lokaliteten Langøy før neste utsett. På ein eksponert
lokalitet som Langøy så vil eit plastringanlegg vera meir rømmingssikkert enn eit stålanlegg.
**Eide imøteser difor raskast mogleg saksbehandling av søknaden slik at produksjonen på
lokaliteten kan halda fram i samsvar med godkjent driftsplan fra Fiskeridirektoratet.**

Overgangen frå stålanlegg til plastringanlegg vil medføre større avstand mellom bura og
svært god vassgjennomstrauming i anlegget. Dette vil sikre gode oksygenforhold og bidra til
god fiskevelferd for fisken.

Det nye omsøkte anlegget vil elles ha større samla merdvolum samanlikna med dagens
anlegg, noko som også vil bidra til auka fiskevelferd for fisken i anlegget. I tillegg vil større
samla merdvolumet gje meir fleksibilitet ved behandling mot lus og AGD i brønnbåt på
lokaliteten.

Då eit plastringanlegg krev større overflateareal samanlikna med eit stålanlegg så vil delar av
det nye omsøkte anlegget bli liggjande utanfor gjeldande område avsett til Akvakultur i
Lindås kommune sin arealplan. Parallelt med denne søknaden er det difor sendt inn søknad
om dispensasjon frå gjeldande arealplan til Lindås kommune. Sjølv om det nye anlegget har
større overflateareal, så vil det samla anleggsarealet inkludert fortøyninger bli om lag som i
dag.



Viktig at Hordaland Fylkeskommune eller andre sektormyndigheter tek kontakt dersom noko skulle vera uklart eller om det skulle vera behov for meir utfyllande informasjon.

Mvh

Arne Herre Staveland
Produksjonsleder, matfisk
Eide Fjordbruk AS/ Fyllingsnes Fisk AS

Vedlegg:

1. Kart 1:7500.
2. Sjøkart 1:50 000 (med innteikna anlegg og AK-område).
3. Posisjoner anlegg og fortøyninger.
4. Kart, kystsoneplan.
5. Skisse/kart over merder.
6. MOMB rapport Langøy 2014.
7. Lokalitetsrapport, inkl strømmåling Langøy.
8. Beredskapsplan sykdom og massedød.
9. Beredskapsplan for rømming.
10. Kvittering for innbetalt gebyr.
11. Innholdsfortegning Brukerhåndbok, IK-system.
12. Utfylt søknadsskjema.